

Kjell Magnar Saue  
Espelandsvegen 224  
5258 BLOMSTERDALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/9644 - 20/44344

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
[knut.bjornevoll@alver.kommune.no](mailto:knut.bjornevoll@alver.kommune.no)

Dato:  
03.07.2020

## **Svar på søknad om dispensasjon og løyve til utviding av naust - gbnr 85/12 Kvalvåg**

Viser til din søknad mottatt 13.05.2020.

Søknaden har vore på uttale til Alver kommune v/avdeling for Plan og analyse og til sektormynde. Det er kome inn følgjand uttaler:

**1. Avdeling for Plan og analyse** i kommunen har komme med negativ uttale, som innheld nokre faktafeil, men dette endrar ikkje hovudinnhaldet i uttalen

**2. Fylkesmannen i Vestland** har komme med negativ uttale til søknaden og skriv mellom anna:

I denne saka vert nytt bygg vesentleg større enn eksisterande bygg, og utvidinga skjer ut mot sjøen. Det er i røynda tale om to naust, men uttalt som tilbygg til det eksisterande naustet. Naustet får ei utviding som er mykje større enn noverande naust. Fylkesmannen legg til grunn at det er eit nytt naust i LNF i tillegg til eksisterande naust, på same, utskilte eigedom. Det er det vi taler om, og den formelle omtalen i søknaden endrar ikkje på det.

Vi gjer merksam på at Fylkesmannen vil vere kritisk til ytterlegare eit nytt naust på staden, naust i LNF på utskilt tomt.

Nytt bygg vert langt meir dominerande i landskapsbildet og vil bygge ned naturleg strandsone. Det vil også verte naudsint med utfylling i sjø. Vi ser ikkje grunn til at kommunen skal tillate utbygging i sjø her. Her er det også ei relativt stor utbygging i sjøen. Tiltaket er i strid med arealformålet både på land og i sjøen.

Fylkesmannen er negativt til at strandsona vert utbygd, dersom det ikkje ligg føre overvekt av samfunnsinteresser som kunne forsvart ei utbygging. Det kjem ikkje fram av søknaden kvifor ein har

behov for å bygge på naustet, eller å bygge ytterlegare eit naust på staden. Vi presiserer at vi ikkje kan sjå at det er grunnlag for ytterlegare naust på eigedommen og er negative til det.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon i saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Denne uttalen gjer at vi må avslå søknaden. Du må betala gebyr for behandlinga kr. 10.300,- for dispensasjonsbehandling og kr. 7 700,- for byggesøknaden.

Du kan sjølvsgåt klaga på vedtaket og håpa på at Utval for areal, plan og miljø vil ta klagan til følgje og gjera om vedtaket. Dersom dei gjer det, kan Fylkesmannen klaga på kommunen sitt vedtak.

Dersom du vil trekka søknaden før vidare behandling, vil vi avslutta saka. Då må du betala eit gebyr på kr 1.700,- for avslutta sak før realitetsbehandling.

Dersom du vil trekka søknaden, må du gjera det skriftleg innan 13.08.2020.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggensak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Uttale - tilbygg til naust - dispensasjon - gbnr 85/12 Kvalvåg  
Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden - gbnr 85/5 Kvalvåg (85/12) - tilbygg til naust - planfagleg uttale

**Kopi til:**

Wenche Kvalvåg Sæue Alvær Espelandsvegen 224 5258 BLOMSTERDALEN

**Mottakarar:**

Kjell Magnar Sæue Espelandsvegen 224 5258 BLOMSTERDALEN